



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201105936
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Mathisen, Gudrun

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	23.08.11	76/11
Fylkesutvalet	24.08.11	157/11

SØKNAD OM BYGGING AV ESPELANDSELVI KRAFTVERK I GRANVIN HERAD - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 23.08.11

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt 1. vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke mot 1 røyst (R).
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart vedteke mot 1 røyst (R).

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet vil rå frå at det vert gjeve konsesjon til bygging av Espelandselvi kraftverk i Granvin herad.
2. Dersom det likevel vert gjeve konsesjon bør det stillast krav om auka minstevassføring til minimum 0,50 m³/s i perioden 1. mai til 30. september for å oppretthalde eit inntrykk av fossen og fossesprøytsona. Det bør òg gjennomførast ei detaljutgreiing av anleggsvegen med ei revurdering av alternativ utan veg til inntak, og med vassveg i fjell for å redusere dei store inngrepa i landskapet.
3. Eventuell konsesjon må ha vilkår som sikrar at det i den vidare planlegginga vert teke særleg omsyn til kvernhusmurane nedanfor fossen og stølsbygningane nedanfor inntaka med tanke på tilkomst og trasé. Eventuelle endringar/justeringar med omsyn til trasé, riggområde o.a. må bli gjort i samråd med Hordaland fylkeskommune.

Magnar Lussand sette på vegner av SP, H, Frp og KrF fram slikt forslag:

”Punkt 1 i innstillinga går ut.

Punkt 2 i innstillinga vert nytt punkt 1 med slik utforming:

1. Fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon til Espelandselva kraftverk under føresetnad av at det vert stilt krav om at det i perioden 1. mai til 30. september vert ei minste vassføring på minimum 0,5 m³/s for å oppretthalde eit inntrykk av fossen og fossesprøytsona. Det bør òg gjennomførast ei detaljutgreiing av anleggsvegen med ei revurdering av alternativ utan veg til inntak, og med vassveg i fjell for å redusere dei store inngrepa i landskapet.
2. Konsesjonen må ha vilkår som sikrar at det i den vidare planlegginga vert teke særleg omsyn til kvernhusmurane nedanfor fossen og stølsbygningane nedanfor inntaka med tanke på tilkomst og trasé. Eventuelle endringar/justeringar med omsyn til trasé, riggområde o.a. må verte gjort i samråd med Hordaland fylkeskommune.”

Røysting

Lussand sitt forslag vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (A, SV, V) for innstillinga.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon til Espelandselva kraftverk under føresetnad av at det vert stilt krav om at det i perioden 1. mai til 30. september vert ei minste vassføring på minimum 0,5 m³/s for å oppretthalde eit inntrykk av fossen og fossesprøytsona. Det bør òg gjennomførast ei detaljutgreiing av anleggsvegen med ei revurdering av alternativ utan veg til inntak, og med vassveg i fjell for å redusere dei store inngrepa i landskapet.
2. Konsesjonen må ha vilkår som sikrar at det i den vidare planlegginga vert teke særleg omsyn til kvernhusmurane nedanfor fossen og stølsbygningane nedanfor inntaka med tanke på tilkomst og trasé. Eventuelle endringar/justeringar med omsyn til trasé, riggområde o.a. må verte gjort i samråd med Hordaland fylkeskommune.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 26. august 2011

FYLKESRÅDMANNSKAPET I HORDALAND

Magnar Lussand